



Alver kommune Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/7903 - 20/31285

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

03.06.2020

## Reguleringsplan for Alverstraumen kai - Høyring og offentleg ettersyn - uttale kultur

Viser til detaljregulering for Alverstraumen kai som er lagt ut til offentleg ettersyn og høyring med frist for å koma med merknader 3. juni.

Alverstraumen har i mange hundre år vore ein sentral og viktig stad langs «Den indre farleia» og mellom anna gjestgjevarstad minst attende til 1660. I dag er lite eller ingenting att av den eldste historia til Alverstraumen, men det er framleis ein del bygg og andre kulturminne som viser nyare historie.

Nesten heile planområdet ligg innanfor omsynssona for Den indre farleia i *Kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen*. Det står i føresegnene for denne omsynssona at det skal takast særskild omsyn til «kulturminne knytt til den viktige, heilårsopne ferdselsåra (mellom anna dampskipskaiene, Lindås sluser og post-, gjestgjevar- og handelsstaden». Me meiner planane bryt med føresegnene for denne omsynssona då fleire bygg mellom anna huset der postkontoret haldt til er foreslått rive. Dei planlagde leiligheitsbygga er også svært dominerande i høve til omgjevnadene generelt og frå sjøen spesielt. Me kan heller ikkje sjå at tiltaket har særleg verdi «for vår tids næringsgrunnlag knytt til sjø, og til vår tids bruk av sjøen i fritids- og rekreasjonssamanheng», som det står i føresegnene.

Det burde ha vore gjort ei meir omfattande kartlegging og verdisetjing av kulturminneverdiane som vert råka av dei presenterte planane tidleg i planprosessen. Om desse bygga skal rivast må dei dokumenterast.

Plankartet og illustrasjonane viser langt på veg korleis tiltaket er tenkt utført, men me klarar ikkje å lesa ut av desse i kor stor grad utsikta frå fylkesvegen mot straumen og Solholmen vert råka. Solholmen har blitt eit landemerke og er eit viktig kulturmiljø i vårt område, og planlagte tiltak må ikkje øydeleggja utsikta frå fylkesvegen mot holmen og straumen framfor.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Me vil også peika på at det er viktig at ålmenta framleis er sikra tilkomsten til sjø, og at denne ikkje vert privatisert på nokon måte. Det er positivt at det er lagt inn område for offentleg flytebrygge mellom småbåtanlegget som kan nyttast som brygge for skysbåt til Solholmen og som gjestehamn for korttidsbesøk.

Området Peprane, Grønfjellet, Vetåsmarka og gamlevegen er viktige tur- og friluftsområde på søre del av Radøy, men det er ikkje parkeringsplassar knytt til dette området. Det er difor ynskeleg at det vert vurdert å gjera tilgjengeleg nokre parkeringsplassar for turgåarar og padlarar i samband med parkeringsplassen ved fylkesvegen.

Med helsing  
Alver kommune Kultur

Eirik B. Utne  
Kultursjef

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar  
Kulturutvikling, idrett og frivilligheit

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og  
byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG